

Vegvisar for bachelor- og masteroppgåva



Innhold

Innhold.....	2
Skjema og skriv	3
Andre dokument	3
Innleiing.....	3
1. Oppstart	3
1.1 Litt om oppgåva.....	3
1.2 Kva gjer eg nå.....	4
1.3 Tidsfristar	4
1.4 Planlegging av oppgåva.....	6
2. Gjennomføring	6
2.1 Sikring av arbeidet.....	6
2.2 Kontakten med fagansvarleg og rettleiar.....	7
2.3 Dokumentasjon.....	7
2.4 Om kjeldebruk.....	7
2.5 Kva er eit åndsverk?	7
2.6 Bruk av andre sine åndsverk	8
3. Oppgåva.....	9
3.1 Overordna krav.....	9
3.2 Om oppgåveoppsett.....	9
3.3 Litt om litteratursøk.....	11
3.4 Språkføring.....	12
4. Innlevering	12
5. Vurdering av oppgåva.....	13
5.1 Overordna opplegg.....	13
5.2 Bacheloroppgåva.....	13
5.2.1 Karakterbeskrivelser og vurderingskriterier for sensur av bacheloroppgaver i ingeniørfag.....	13
5.2.2 Bacheloroppgåver i realfag	18
5.2.3 Litt om karaktergiving.....	18
5.3 Masteroppgåva	18
5.3.1 Om karakterbeskrivingar for masteroppgåver.....	18
5.3.2 Karakterbeskrivelse for masteroppgåver.....	19
5.3.3 Sensorvurdering.....	22
5.3.4 Rettleiarvurdering.....	23

Skjema og skriv

I samband med gjennomføring av bachelor- eller masteroppgåve treng du nokre skjema og skriv. Desse kan hentast her: [Oppgaveskriving ved Det teknisk-naturvitenskapelige fakultet | Universitetet i Stavanger \(uis.no\)](https://uis.no)

- Søknad om bachelor- og masteroppgave, bokmål
- Kontrakt for bachelor- og masteroppgave, bokmål
- Framside for bacheloroppgåva, nynorsk
- Framside for masteroppgåva, nynorsk
- Forside for bacheloroppgaven, bokmål
- Forside for masteroppgaven, bokmål
- Reglar for bachelor- og masteroppgåva
- Til bedrifter om bachelor- og masteroppgåva
- Avtale om båndlegging av bachelor- og masteroppgaven
- Sensorveiledning for bacheloroppgaven
- Sensorveiledning for masteroppgaven
- Skjema for begrunnelse for sensur med karakteren A
- Skjema for rapportering av karaktergivningen på masteroppgaver

Andre dokument

- Master Thesis deposit agreement
- Laboratorieinstruks for Institutt for data- og elektroteknologi (IDE)
- Innføringshefte i helse, miljø og sikkerhet (HMS) for Institutt for maskin, bygg og materialteknologi (IMBM) og Institutt for sikkerhet, økonomi og planlegging (ISØP). Utdrag fra Regelverk
- Innføringshefte i Helse, Miljø og Sikkerhet for Institutt for energi- og petroleumsteknologi (IEP). Utdrag fra Regelverk
- Sikker Jobb Analyse (SJA) / Safe Jobb Analyzes (SJA)

Innleiing

Du vil i dette skrevet finna nødvendige opplysningar om bachelor- og masteroppgåva samt råd om korleis du bør gå fram ved oppstart og gjennomføring av oppgåva. Rammene bachelor- og masteroppgåver er gitt av reglar som er fastsette av fakultetet. Reglane finn du i skrevet Reglar for bachelor- og masteroppgåva.

1. Oppstart

1.1 Litt om oppgåva

Bachelor- og masteroppgåva er eit sjølvstendig arbeid der du skal nytta dei kunnskapane som er opparbeidde gjennom studiet til å løysa ei gitt oppgåve. Gjennom denne oppgåva skal du visa evner og kvalitetar som komande arbeidstakar.

Oppgåva skal normalt utførast i siste semester av studiet. Unntak er ei masteroppgåve på 60 studiepoeng som går over to semester. På dette stadiet har du vanlegvis skaffa deg dei fagkunnskapane som krevst for gjennomføring av ei relevant oppgåve for studieløpet ditt.

Du vil kanskje leggje merke til at i Studentweb er du undervisningsmeldt i bachelor- eller masteroppgåva i haustsemesteret (5. semester på bachelor eller 3. semester på master). Dette er fordi du vil få mykje nyttig informasjon om oppgaveskriving via Canvas på hausten. Men den faktiske

skrivinga på oppgåva skjer ikkje før i vårsemesteret (6. semester på bachelor og 4. semester på master). Det er då du er vurderingsmeldt.

1.2 Kva gjer eg nå

Det er viktig å koma tidleg i gong med å tenkja ut kva oppgåve du vil skriva. Det er fleire måtar du kan gjera dette på:

- Du har sjølv ein idé som du ønskjer å utvikla,
- Du har vore i kontakt med eit firma, hatt ekstrajobb, sommarjobb eller liknande. Her har du fått eit tema/problemstilling som bedrifta ønskjer utgreidd,
- Du finn eit interessant tema blant oppgåvetekstane som instituttet har publisert i Samarbeidsportalen.

Det kan vera lurt å gå igjennom nokre tidlegare oppgåver. Dette kan gi inspirasjon samt hjelp til å konkretisera idear til relevante problemstillingar. Tidlegare masteroppgåver er tilgjengelege på biblioteket, og tidlegare bacheloroppgåver er tilgjengelege på fakultetet. Etter at instituttet har lyst ut oppgåvetilbodet sitt, kan du søkja på nokre av oppgåvene i prioritert rekkjefølgje. Viss du har skaffa oppgåve sjølv, skal denne registrerast. Institutta held informasjonsmøte om alt du treng å vita ved utføring av ei oppgåve.

Felles for alle institutta er at når du så har blitt tildelt ei oppgåve eller har registrert ei eiga oppgåve, må du skriva kontrakt med instituttet om utføring av oppgåva. Til dette nyttar du Samarbeidsportalen. Med kontrakten stadfestar du at du vil utføra den oppgåva du har skaffa eller fått tildelt. Kontrakten skal også nyttast ved tildeling av kontor, lån av utstyr eller bøker, bruk av laboratorium og til slutt ved innlevering av ferdig oppgåve. Dersom du skal skrive oppgåve i gruppe skal du i tillegg fylle ut ein gruppekontrakt, også tilgjengeleg i Samarbeidsportalen. Denne skal fyllast ut av kvar student og leverast digitalt innan gjeldande fristar.

Når kontrakten er levert i Samarbeidsportalen, er oppgåva **tatt ut**.

Merk at dersom du har skaffa oppgåva di sjølv, må du leggje den inn i Samarbeidsportalen innan fristen oppgitt i Tabell 1. Ein av faglærarane vil vurdere oppgåva og om den er gjennomførleg med dei ressursane som er tilgjengelege. Det kan hende du blir bedt om å forbetre oppgåva før den kan bli fagleg godkjent.

Det kan skje at instituttet vel å oppnamna ein annan for oppgåva di. Grunnen til dette er som regel at oppgåvene blir forsøkt fordelte så jamt som mogleg blant dei fagleg tilsette på instituttet.

Viss du tar oppgåve i samarbeid med næringslivet eller andre utanfor UiS, vil du i tillegg til fagansvarleg ha ein rettleiar som normalt er tilsett ved bedrifta eller institusjonen. Tar du ei oppgåve gitt av instituttet, er rettleiar og fagansvarleg ofte same person.

1.3 Tidsfristar

Eit årshjul for bachelor- og masteroppgåva er vist under*.

Oppgåve	Bachelor-oppgåve	Master-oppgåve, 30 sp	Master-oppgåve, 60 sp
Frist for institutta til å halda informasjonsmøte	15.10.	15.10.	15.03.
Frist for utlysing av institutta, fakultetet og eksterne bedrifta sine oppgåver ¹	15.10.	15.10.	15.03.

Frist for studenten til å registrere egne oppgaver ¹	15.11.	15.11.	15.03.
Frist for søknad på oppgaver ¹	01.12.	01.12.	01.04.
Frist for kunngjøring av tildelte oppgaver ¹	15.12.	15.12.	15.04.
Frist for formelt uttak av oppgåva	15.01.	01.02.	15.09.
Kva semester oppgåva går over	Vår	Vår	Haust og vår
Trekkfristar	01.04. ²	01.04. ³	01.04. ³ (01.11 for BIOMAS)
Trekkfristar for oppgåver utanom ordinær tidsperiode	01.11. ²	06.10. ³	06.10. ³ (27.10. for BIOMAS)
Frist for innlevering til sensur ⁶	15.05.	15.06.	15.06.
Frist for institutta til å skaffa sensor	02.05.	01.06.	01.06.
Vurderingsfrist	6 veker	12 veker	12 veker
Vitnemål	Dersom du oppfyller krava til vitnemål etter vurdering av oppgåva, blir dette sendt deg automatisk.		

Tabell 1 viser årshjulet for bachelor- og masteroppgåva. ¹dette skal gjerast elektronisk i Samarbeidsportalen, ²Trekkfrist er 6 veker før innleveringsfrist, ³Trekkfrist er 10 veker før innleveringsfrist. ⁶indikerar at dette skal gjerast elektronisk i Inspira.

*Merk spesielt § 1.6 i *Reglar for bachelor- og masteroppgåva* som seier følgjande:

Trekkfrist for bachelor- og masteroppgåver vises i Forskrift om studier og eksamen ved Universitetet i Stavanger § 3-9 nr. 6:

- For bacheloroppgåva er trekkfristen **01.04**, det vil seie 6 veker før innleveringsfrist.
- For masteroppgåva er trekkfristen **01.04**, det vil seie 10 veker før innleveringsfrist.
- For masteroppgåva i biologisk kjemi, **BIOMAS**, er trekkfristen sett til **01.11**, det vil seie 6 veker etter uttak av oppgåva grunna kostbare laboratorieøvingar.
- Dersom du skriv bacheloroppgåva utanom ordinær tidsperiode er trekkfristen 01.11, det vil seie 6 veker før innleveringsfrist.
- Dersom du skriv masteroppgåva utanom ordinær tidsperiode er trekkfristen 06.10, det vil seie 10 veker før innleveringsfrist.
- Dersom du skriv masteroppgåva i biologisk kjemi, **BIOMAS**, utanom ordinær periode er trekkfristen 27.10., det vil seie 6 veker etter uttak av oppgåva grunna kostbare laboratorieøvingar.

Munnleg melding om trekk er ikkje gyldig. Dersom ein kandidat som har meldt seg opp til bachelor- eller masteroppgåva, trekkjer seg etter fastsett frist, eller ikkje leverer oppgåva innan fristen utan gyldig grunn, blir det rekna som framstilt til prøving og det vert rekna som eit forsøk. Kandidaten er sjølv ansvarleg for å dokumentera at trekk før prøving er gjort innan fastsett tidsfrist, jf. Forskrift om studier og eksamen ved Universitetet i Stavanger § 3-9 nr. 4.

Dersom studenten(ane) vil trekkje seg frå bachelor- eller masteroppgåva må studenten(ane) trekkje seg frå vurdering i studentweb og i tillegg sende ein e-post til både fagansvarleg, eventuell rettleiar, og studiekoordinator.

Det er ikkje kontinuasjonseksamen for bachelor- og masteroppgåver, dette i følgje Forskrift om studier og eksamen ved Universitet i Stavanger, § 3-11 punkt 3 og 8.

1.4 Planlegging av oppgåva

Det er viktig at du planlegg arbeidet ditt nøye, og held greie på kor du står til ei kvar tid. Ei bachelor- og masteroppgåve skal også vera ei trening i å løysa ei oppgåve innanfor ei gitt tidsramme. Du skal ved oppstart av oppgåva laga framdriftsplan for arbeidet. I tillegg skal du laga skriftlege statusrapportar med jamne mellomrom avtalt med fagansvarleg og eventuell rettleiar. Normal arbeidslast for ei oppgåve er på 30 timar pr. studiepoeng etter fakultetet si norm. Ei bacheloroppgåve som har eit omfang på 15 studiepoeng, gir etter denne norma ca. 450 timars arbeid. Når det gjeld ei bachelor- og masteroppgåve på 30 studiepoeng, vil normert arbeidslast vera ca. 900 timar. Det er viktig at du tar høgde for dette i planlegginga av arbeidet ditt. For masteroppgåve på 60 studiepoeng vil normert arbeidslast være 1800 timer.

2. Gjennomføring

2.1 Sikring av arbeidet

UiS legg stor vekt på tryggleiken til den enkelte arbeidstakar og student. Gjennomføringa av oppgåva skal skje på ein trygg og sikker måte. Med det meiner ein at den enkelte sin tryggleik skal koma i første rekkje og ingen skal ta unødvendige sjansar for å få utført arbeidet. Kva slags risiko det er snakk om, vil variera frå oppgåve til oppgåve. Det kan dreia seg om belastingslidingar, støy, konflikhtar, kjemikaliar, høge trykk og temperaturar, farlege maskinar osv.

Før arbeidet startar, bør du ha tenkt gjennom følgjande:

- Kva kan gå galt?
- Kva kan vi gjera for å hindra det?
- Korleis kan vi redusera konsekvensane viss det likevel skulle skje?

For eksperimentelle oppgåver er det krav om at du lagar og får godkjent ein sikker jobbanalyse (SJA) før arbeid på laboratoria eller verkstad tar til. SJA skal være godkjent av laboratorieingeniør eller rettleiar. I tillegg skal du ha naudsynt instruksjon i bruk av aktuelt utstyr, og du vil bli gitt innføring i SJA metodikken.

Diskuter problemstillingane med fagansvarleg og rettleiar og hugs at sjølve gjennomføringa av tiltaka sjølvstøtt er den viktigaste delen av helse-, miljø- og tryggingarbeidet.

NB! Alle som skal utføra eksperimentelle oppgåver, må ha gjennomgått eit obligatorisk HMS- kurs. Viss du ikkje har tatt kurset, vil du ikkje få tilgang til laboratoria. HMS-kurset kan gjennomførast

elektronisk, og alle studentar skal ha gjennomført kurset før tilgang gis til TN sine laboratoria og verkstad. Du finner kurset på Canvas under emnet [Informasjonsside TN | Informationpage TN](#).

2.2 Kontakten med fagansvarleg og rettleiar

Det er viktig både for deg, fagansvarleg og rettleiar å få til eit godt samarbeid under gjennomføringa av oppgåva. Det kan for eksempel skje ved regelmessige møter kor du legg fram og diskuterer arbeidet etter kvart som dette utviklar seg. Studenten har rett til fem rettleingsmøte med fagansvarleg gjennom semesteret i tillegg til rettleingsmøte i eventuell bedrift. Det er ein god regel at du skal ha skrive noko som utgangspunkt for samtale med rettleiar eller fagansvarleg. Det kan for eksempel vera ein statusrapport som nemnt i kap. 2.4.

Studentar som i løpet av oppgåva deltar på feltarbeid, tokt, befarings, feltkurs eller ekskursjonar, skal gje kontaktinformasjon til fagansvarleg og rettleiar. Studentar som har arbeidsopphald i utlandet skal setje seg inn i brosjyren "Sikkerhet på reisen – Informasjon til studenter som reiser ut".

2.3 Dokumentasjon

Det er ein fordel å starta skrivinga av oppgåva så tidleg som mogleg. Lag tidleg ein disposisjon for oppgåva. Etter kvart som du arbeider, fyller du dei ulike kapitla og delkapitla med stoff. Under arbeidet med ei oppgåve kan du til tider koma inn i frustrerende periodar der alt ser håpløst ut. Det er då ein fordel å kunne ta fram delkapittel som er så å seia ferdige. Ved å fokusera på det endelege sluttproduktet, oppgåva, vil du kunne spare verdifull tid og sikra ein god kommunikasjon mellom deg, rettleiar og fagansvarleg.

I starten vil teksten ofte vera mangelfull og til dels i stikkordform. Men det er viktig at du skriv ned alle idear og tankar du kjem på undervegs. Viss ikkje kan gode idear fort bli gløymde. Det er i tillegg viktig å føra journal over samtalar med rettleiar samt over litteratur, undersøkingar, prøving og feiling.

Mange opplever "dataproblem", ofte i samband med store filer. Du kan unngå mange av problema ved å dela opp filer (f.eks. for kvart kapittel) og ta kopiar ofte for å sikra arbeidet.

2.4 Om kjeldebruk

For å koma nokon veg med ei oppgåve, må sjølv dei største innan vitskapen byggja på andre sitt arbeid. Ein må altså prøva å unngå å bruka tida på «å finna opp hjulet på nytt». Difor er det viktig å gjera eit grundig litteratursøk for å finna ut kva som er gjort før på fagfeltet du skal arbeida på. Når det gjeld kjeldebruk, er det viktig å skilja mellom kunnskap og åndsverk.

2.5 Kva er eit åndsverk?

[Åndsverkloven](#) (Lov om opphavsrett til åndsverk m.v.) definerer åndsverk slik, jf § 2:

«Med åndsverk forstås i denne loven litterære eller kunstneriske verk av enhver art, som er uttrykk for original og individuell skapende åndsinnsett, slik som

- a) tekster av alle slag, blant annet av skjønnlitterær og faglitterær art
- b) muntlige foredrag
- c) sceneverk, både dramatiske, musikkdramatiske og koreografiske verk, pantomimer og hørespill
- d) musikkverk, med eller uten tekst
- e) filmverk
- f) fotografiske verk

- g) malerier, tegninger, grafikk og lignende billedkunst
- h) skulptur av alle slag
- i) bygningskunst, både tegninger og modeller, og selve byggverket
- j) billedvev og gjenstander av kunsthåndverk og kunstindustri, både forbildet og selve verket
- k) kart, samt tegninger og grafiske og plastiske avbildninger av vitenskapelig eller teknisk art
- l) datamaskinprogrammer
- m) oversettelser og andre bearbeidelser av verk som er nevnt foran.

For fotografiske bilder som ikke er åndsverk gjelder § 23.

2.6 Bruk av andre sine åndsverk

Det er viktig både å oppfylle lova sine krav ved handtering av åndsverk og å fylgja god skikk når det gjeld referansar. Brot på dette er svært alvorleg og kan føra til at du blir tatt for fusk.

Fakultetet vil her minne om at du ved godkjenning av utdanningsplanen har bekrefta at du har lest og gjort deg kjend med forskrift om studier og eksamen ved UiS. Det fremgår av forskrift om studier og eksamen § 5-1 at det «blant annet er å regne som fusk å presentere andres arbeid som ditt eget, sitere kilder uten at dette fremgår i oppgaven ved bruk av anførselstegn, kursiv eller annen utheving av den siterte teksten og benytte kilder i skriftlige arbeid uten tilstrekkelige henvisninger».

Å bruka andre sitt åndsverk vil seia at du gjengir dette direkte eller i omarbeidd form i oppgåva di. Korleis du skal gjera dette på rett måte, er avhengig av kva for ein situasjon du er i:

Du skal ikkje publisera oppgåva di på Internett:

Universiteta og høgskulane i Noreg har inngått den såkalla Kopinor-avtalen. Viss du ikkje skal leggja oppgåva ut på eit ope nettverk, så kan du bruka andre sine åndsverk i oppgåva di utan å måtte innhenta løyve frå den/dei som har opphavsretten.

Vilkåret er at du oppgir nøyaktig referanse til kjeldene dine og følgjer reglane for sitering.

Du skal publisera oppgåva di på Internett:

Viss du for eksempel held på med ei masteroppgåve og vil gjera denne tilgjengeleg i databasen Brage, eller arbeider på ei oppgåve som du vil leggja ut ope på andre måtar, så må du innhenta løyve til å bruka andre sine åndsverk. Dette vil for eksempel gjelda bilete eller teikningar som du finn på Internett. I tillegg må du oppgi nøyaktige referansar i oppgåva di.

Når det gjeld åndsverk i form av tekst, er det tilstrekkeleg å følgja reglane for sitering. Meir om dette kjem under.

Det er altså viktig å få klart fram i oppgåva kva som er bidraga dine og kva som er henta frå kjelder. Viss du bruker tekst som ein annan har skrive, skal lesaren gjerast merksam på dette. Dette kan vera tekst som til dømes er henta frå ein artikkel, ei bok, ei bacheloroppgåve eller frå ei side du har funne på internett. Formuleringar som: "dette avsnittet er i stor grad henta frå", "dette avsnittet er inspirert av" kan nyttast.

- Dersom du bruker ein annan forfattar sin tekst ordrett, skal denne teksten stå i hermeteikn og kjelda stå i parentes etterpå. Kjelda skal også stå i referanselista.
- Dersom du skriv med dine egne ord noko ein annan forfattar har skrive, skal du og oppgi kjelde, både i tekst og i referanselista.
- Du treng ikkje oppgi kjelde når du skriv om allmenn kunnskap/kjente fakta.

Viss du har tabellar eller figurar som heilt eller delvis er basert på andre sine åndsverk, må du oppgi referansar i tabell- eller figurteksten.

Noter kjelder etter kvart. Det er ofte vanskeleg å spora dei opp seinare.

Referansehandteringsprogram som Zotero og EndNote kan brukast til å holde orden på kjeldene dine og til arbeidet med siteringer og referanselisten.

Korleis du skal setja opp sjølve oppgåva og laga referanseliste i denne er vist i neste kapittel.

3. Oppgåva

3.1 Overordna krav

Bachelor- eller masteroppgåver kan ha svært ulik form. I mange oppgåver inngår konstruksjons- eller eksperimentelt arbeid, mens andre oppgåver er meir teoretiske. Ei oppgåve kan vera ei oversiktsoppgåve der du gir ei samla oversikt over eit tema ut frå spreidde litteraturkjelder, ei meir utfyllande vurderingsoppgåve eller ei oppgåve kor du skal løysa ei konkret problemstilling eller utvikla eit produkt.

Generelt kan du seia at oppgåva skal innehalda ein klart definert bodskap, vera godt strukturert, lett å finna fram i og lett å lesa. Argument for og i mot ein gitt påstand skal vera logisk presenterte. **Oppgåva skal kunne lesast av ein medstudent med same bakgrunn utan å trenga ekstra informasjonsmateriale for å forstå innhaldet.**

Gjengiving av lærebøker e.l. om generell teori og kunnskap må avgrensast. Oppgåva skal i tillegg ha ei fullstendig referanseliste.

Sidan oppgåvene er så ulike, er det vanskeleg å setja opp en felles mal for gjennomføring og rapportering. Normalt vil oppgåva resultera i ein oppgåve/rapport. I det følgjande er det gitt eit eksempel på eit rapportoppsett. Det må understrekast at dette er eit eksempel og at det ofte må gjerast tilpassingar. Dei einskilte institutta kan også ha eigne eksempel eller krav til oppsettet. Ta opp med fagansvarleg korleis di oppgåve skal gjennomførast og dokumenterast.

På eit overordna nivå vil likevel mange rapportar ha ein rimeleg lik struktur:

- Først gir du ei innleiing som gjer greie for bakgrunnen til og formålet med oppgåva, samt kva ho skal innehalda.
- Deretter gir du ei oversikt over relevant teori, eksisterande metodar og modellar som er relevante for oppgåva, laboratorieoppsett, osv.
- Så følgjer ein presentasjon av dei analyser/eksperiment/utviklingar du har gjennomført og resultatata av desse. For ikkje-eksperimentelle oppgåver kan resultatata omfatte (vidare)utvikling av prinsipp, metodar og modellar.
- Det bør inngå ei drøfting av dei resultatata du har oppnådd. Korleis er resultatata i forhold til eksisterande teori, metodar og modellar?
- Kva konklusjonar kan trekkjast?

3.2 Om oppgåveoppsett

Her kjem som nemnt eit eksempel på oppsett av oppgåva/rapporten. Som ein del av dette eksempelet blir det gitt retningslinjer for **kjeldebruk. Det er viktig å lesa dette nøye!**

Eksempel på oppsett:

Framsida: Framsida inneheld tittel på oppgåva, forfattar, dato/år, studieretning og namn på institusjon (UiS og evt. samarbeidande bedrift/institusjon). Hugs at Framsida for bacheloroppgåve eller Framsida for masteroppgåve skal fyllast ut og vera side 1.

Samandrag: Samandraget skal kunne lesast uavhengig av resten av oppgåva, og skal kort presentera problemstillinga og skissere kva som er gjort i oppgåva. Også hovudresultat og viktige konklusjonar skal du ta med. Det bør leggjast ned mykje arbeid i å skriva eit godt samandrag – for det er dette dei fleste vil koma til å lesa. Samandraget skal vera kort.

Innhaldsliste: Du viser her dei ulike kapitla og underkapitla med sidetal. Er det mange symbol og forkortingar i oppgåva, kan du etter innhaldslista laga ei eiga liste over desse.

Forord: Dersom du ønskjer å takka institusjonar og/eller personar som har vore til stor hjelp under arbeidet med oppgåva, kan dette gjerast i et forord. I forordet kan du bruka eg/jeg- forma. Vanlegvis unngår du denne forma i sjølve rapporten.

Innleiing: Innleiinga kan innehalde fleire delar. Først kjem bakgrunnen for oppgåva, f.eks. kvifor det er viktig å løysa dette problemet. Vidare bør du visa kva oppgåva går ut på, kva som skal utførast og korleis rapporten er bygd opp.

Teori: Status på feltet, dvs. kva som er gjort tidlegare. Du vil så vanlegvis gjera ei vurdering av alternative metodar og komponentar/utstyr og argumentera for dei vala du gjer. I dette kapitlet viser du også teoriar, metodar, modeller, likningar osv., som er relevante for oppgåva. Hugs å fortelje lesaren av oppgåva kor du har henta informasjonen ifrå. Skriv ned kjelder både i teksten og i referanselista.

Eksperimentelt: Ta med kva utstyr du har brukt (gjerne i form av figurar), kva kjemikalier eller anna som inngår og eksperimentelle metodar som er nytta. I tillegg tar du med metodar for litteratursøk, intervju, metode- og modellutvikling o.l.

Resultat: Her legg du fram alle resultata. Kva ga eksperimenta, analysane, litteratursøka og intervju? Kva slags metode eller modell kom du fram til? Utrekningar og eventuelle estimat av kor usikre resultata er, kan du ta med her. Bruk gjerne tabellar (med tekst over) og figurar (med tekst under). I teksten skal det visast med nødvendige forklaringar til **alle** tabellar og figurar. Det skal framgå som logisk for lesaren kvifor nettopp desse er tatt med. Referer til formalar, modeller og litteratur i teoridelen. I mange tilfelle er det naturleg å diskutera og kommentera resultata fortløpande. Då bør du slå saman kapitla Resultat og Diskusjon.

Økonomisk oversikt: Rapporten skal omfatte ein økonomisk oversikt over faktisk forbrukt materiell. Beskriver oppgåva eit produkt som er ment å kunne produserast, er det relevant å også ta med kostnader i ein volumproduksjon.

Miljøregnskap: Nesten alt kva vi gjer og lager har ein innverknad på miljøet. Sjølv eit dataprogram kan krevje store ressursar i form av datakraft og straumforbruk (for eksempel utvinning av kryptovaluta). Rapporten skal ha en oversikt over kva slags innverknad det som er gjort kan ha på miljøet. Beskriv korleis produktet skal resirkulerast. Her kan det også tas med miljøinnsparring dersom resultatet skal erstatte eksisterande løysingar.

Diskusjon: Her vurderer du og tolkar resultata dine. Samanlikna gjerne med andre til- gjengelege resultat. Drøft moglege feilkjelder og kva utslag desse kan ha gitt. Eit av kjenneteikna på ei god

oppgåve er ein reflektert diskusjon. Diskusjonen må dreia seg om vesentlege resultat og observasjonar. Gi ikkje inntrykk av at du har løyst alle detaljar. Ver ærleg – forsøk ikkje å skjula feil eller eigne forenklingar undervegs som du seinare fann ut var lite heldige. Grunngi heller valet av forenklingar og kommenter det.

Konklusjon: Gi ei kort oppsummering av resultatata i oppgåva og kva dei kan fortelja oss. Ofte vil konklusjonane også kunne inngå i kapitla Resultat, Diskusjon eller Samandrag.

Referansar: For å unngå tvil om fusk ved avskrift, er det viktig å sitere korrekt og lage riktige referanselister.

Ei referanseliste er ei liste over bøker, artiklar, manualar, websider osv., som du har brukt i oppgåva. Måten du skriv referansane på kallast ein «stil». Det finst svært mange stilar. Spør fagansvarleg om kva for stil du bør bruke. Gode døme på stilane finn du i Kildekompasset (<http://kildekompasset.no>) og i Søk og skriv (<https://sokogskriv.no/kjeldebruk/>)

Vedlegg: Vedlegg er detaljerte, avgrensa delar av oppgåva, som kan vera nyttige å ha med. Eksempel på dette kan vera en spesiell teori omkring delar av problemstillinga, eller presentasjon av rådata frå delar av eksperimenta som er utførte (f.eks. detaljerte utrekningar og utreiingar, programlister, flytdiagram, opplysningar om filer, kjemikaliedata). Tabellar og figurar bør plasserast i teksten der dei naturleg høyrer heime. Alternativet er å ha nokre av dei i vedlegg. Det er et krav til både tabellar og figurer at desse skal kunne lesast og gi eintydig informasjon utan at lesaren må innhenta opplysningar frå andre stader i oppgåva.

3.3 Litt om litteratursøk

På universitetsbiblioteket lærer du å bruka databasar som inneheld den litteraturen som er skriven om det emnet du skal arbeida på. Desse databasane held høgt nivå, og litteraturen du finn her, er av høg kvalitet. Finn du ikkje den litteraturen du treng ved universitetsbiblioteket, så låner biblioteket den til deg frå eit anna bibliotek. Universitetsbiblioteket er del av eit stort nasjonalt og internasjonalt biblioteknettverk.

Universitetsbiblioteket driv utstrekt kursverksemd. I vårsemesteret blir det sett opp ei rekkje brukarkurs/verkstadar for oppgåveskrivande studentar. Deltar du på eit av desse kursa, får du råd og tips om kor du kan finna litteraturen du jaktar på.

Eit kurs i Zotero (både for bachelor- og masterstudentar) eller i EndNote (for masterstudentar) anbefalast også. Zotero og EndNote blir brukt til å halde orden på kjeldene dine. Programmet kommuniserer med Word og hjelper deg med å sitere rett og til å lage ei korrekt referanseliste. Skriv du i LaTeX held vi og kurs i dette.

Oversikt over universitetsbiblioteket sine kurs kan du finne her: [Oppgaveskriving | Universitetet i Stavanger \(uis.no\)](#)

Om du står fast, kan du bestille tid med ein bibliotekar som hjelper deg i gong med litteratursøkinga: <https://www.survey-xact.no/LinkCollector?key=DHDLRF3H3J9J>

Biblioteket tilbyr både kurs og individuell rettleiing i akademisk skriving. Oversikten over kommande kurs finner du i bibliotekets [kurskalender](#). Ønsker du individuell rettleiing i akademisk oppgåveskriving, kan du kontakte Studieverkstedet (studieverksted@uis.no). Studieverkstedet er

åpent for alle studenter ved UiS, uansett emne og nivå. Mer informasjon om Studieverkstedets tilbud og åpningstider finner du [her](#).

